Nokre ungdoms-minne frå 80- og 90-åri

PRINTED IN NORWAY
NIKOLAI OLSENS BOKTRYKKERI — OSLO

TIL
PROFESSOR FREDERIK PETERSENS 100-ÅRS-DAG
MED SIGNING AV KVART MINNE UM DEN
U-GLØYMANDE LÆRÅREN MIN

Forord til den elektroniske utgave

Dette verk av **Bernt Theodor Anker** (1867-1943) er digitalisert i april 2008 av Nasjonalbiblioteket, Oslo og tilpasset for Projekt Runeberg i september 2014 av Ralph E.

Vi som var studentar i 8o-åri, kom upp i eit heilt system-skifte; i politikk, i kunst og vitskap, i moral og religion. Det var eit radikalt umskifte — frå autoritet til sjølvstende.

Den verste plakat ein mann kunde få heft på seg etter det gamle system var: opposisjonell! Det galdt å bøygja seg for autoritetane. Serleg der det galdt moral og religion, heittest det at ein måtte bøygja seg for dei vedtekne fastslegne reglar og dogme. Å tenkja fritt — var det same som å vera fritenkjar.

Då sokneprest J. C. Heuch heldt sine foredrag um «Vantroens væsen», bygde han sin polemikk på det grunnlag: vår tanke må bøygja seg under Guds tanke; vantrui er upprør, tankens upprør mot Gud. Arne Garborg skreiv imot Heuch, og det kan ikkje dyljast at Garborg hadde logikken på si sida. I «de teologiske studenters forening» tok student Jens Gleditsch til motmæle mot Heuch: «det er verdsligheden som er vantroens væsen, ligegyldigheden for Gud, det gudløse fremmede sind som ikke kommer i kontakt med Gud».

Professor Fr. Petersen hadde alt i 1880 gjeve ut eit foredrag: Hvorledes bør kirken møte nutidens vantro ? Han meinte at kyrkja må gjeva vitskapen sin fulle rett til å granska. Det var elles vanlegt millom teologane å kalla naturvitskapen «vantru vitskap»8

straks han kom i strid med eit bibel-ord. Sjølvsagt tok då naturvitskapen striden upp mot bibelen, og dermed mot kristendomen. Professor Petersen synte at vel kan eit bibel-ord koma i strid med naturlovenej

men naturlovene kan aldri koma i strid med Gud.

#

Det gjekk underlegt til at Petersen vart professor. Professoren i kyrkjesoga R. T. Nissen vart kyrkje-minister i 1875. Gamle Caspari sa då: «Hvem skal vi nu få til professor i kirkehistorie ? Vi har jo ingen! Og det verste er at vi har en; men Gud bevare oss for at få ham; det er en Sverdrup.» (Det var Jakob Sverdrup han sikta til som visst kunde vorte ein dugande åndfull kyrkje-historikar). So tok Gisle Johnson kyrkjesoga, og gav frå seg sin kjære dogmatikk til Petersen.

Fleire ting tyder på at Johnson skyna det trongst ein ny mann til å møta dei nye krav i det moderne åndsliv.

I alle tilfelle var det ei stor lukka for den norske kyrkja at Petersen kom og førde fri tenkjing og ærleg kritikk inn i teologien.

Han gav ut fyrstundes i 80-åri boki «Om skabelsen, opholdeisen og styrelsen». Der gav han naturvitskapen heil rett til å tyda livet etter natur-lovene. Det var so nytt, og ukjent frå ein teolog, at fritenkjaren forst-meister Barth skreiv eit «ope brev» til Petersen: ta skrittet ut, og slutt Dem til oss! Petersen var nett sjuk, og svara berre: De skal få svar i min næste bok. (I millomtidi kom Over evne I, der prestane debatterar «underet», og ein av dei segjer: «jeg me-iner hva pro-9

fessor Petersen me-iner», og ein annan svarar: «i den bok han ennu ikke har utgitt?») Boki kom i 1884: hvorfor jeg tror på Jesus Kristus.

Petersen sette upp slag-ordet «fast tru og fri vitskap». J.J.Jansen forma det seinare slik: du kan godt tenke så fritt som Voltaire, bare du er grepen i hjertet som H. N. Hauge.

Uppgåvene eg fekk til preste-eksamen av Petersen viser system-skiftet i teologien.

I munnleg eksaminasjon kom han inn på «uskyld-standet», som ikkje var so uskyldigt som vi hadde lært: lenge fyrr det fanst menneske på jord, var dauden komen; rovdyr drap andre dyr; ein hev funne leiv-ningar av andre dyr i rovdyr-mage mange mange tusen år att-ende.

I skriftleg uppgåva til preste-eksamen fekk vi: «Fremstilling og kritik af de nyere angreb paa den kristne tro paa en skabende Gud.»

Der hadde vi god hjelp av å referera Ossian Sars. I zoologi til andre-eksamen gav han oss heile evolusjons-læra. Han tok til noko varsamt um hausten: «Vi kan ikke hefte os ved de mosaiske traditioner.» Men utpå våren nådde han so langt, at han tenkte seg Gud heilt burte. Den snilde hjartegode Ossian! Han hosta og harka og sa «mine herrer» jamt og samt: «Det er nu kun to punkter, mine herrer, hvor videnskaben maa ty til en skabende gud. Det er, mine herrer, ved skabelsen av ur-taagen, og ved skabelsen av den første celle. Men, mine herrer, det er at forudse at videnskaben, mine herrer, vil komme til at klare ogsaa disse to punkter. Og da, mine herrer, har vi ikke lenger brug for nogen gud.»10

Endå vi var berre nybakte studentar, smilte vi til det naive resonnement: kritikken vakna med same. Vi høyrde gjete at Ossian Sars streva med å skapa liv i sterilisera heste-møk!

Eg trur ikkje mange studentar vart dregne burt frå Gud av Ossian Sars. Dei fleste studentar var visst ferdige med religionen alt fyrr dei kom til universitetet. Det låg i lufti. Det var dei eksakte vitskapar som rådde grunnen. Når einkvan frette at eg studera teologi, minnest eg tidt han banna: det var berre hyklarar og idiotar som fann seg til rettes med «prestelæra»!

#

Umskiftet i moralen fekk endå meir å segja for mange studentar. Det var «bohem-tidi». Ho kravde «fridom for driftene».

Professor Petersen tok spursmålet upp i eit foredrag i studentsamfundet. Salen var stuvande full. Og det var so stilt at ein «kunde høyrt ei nål detta på golvet». Petersen gav diktarane våre vyrdeleg æra for di dei hadde sett upp kjærleiken til grunnlag for ekteskaplegt samliv. Men han trega på at dei ikkje hadde havt syn for kjærleikens bindande makt heile Hvst igjenom. «Fridom for driftene» gav han rette namnet: «trældom under driftene». Bohem-karane fekk eit sarkastisk ord: dei var likesæle um alt som heiter religion; når dei stridde mot kristendomen, var det fordi den kristne moral enno hadde noko tak på dei unge gjentene!

Petersens foredrag verka som ei utløysing og som ei styrkjing ved sitt etiske ålvor. Her fanst trass alt mange studentar som levde eit reint ungdomsliv,11

vanvyrde av bohemen. Serleg er det ei gleda å koma i hug at dei aller fleste av teologane var bra gutar, grepne av

Gud. Petersens laurdags-timar i festsalen på universitetet stålsette og vermde oss. Vi sat som fjetra mang ein gong. Vi fekk hug og mod til å leva

livet under dei høgste ideal.

#

Dei andre professorane opna ogso heimane sine for oss. Caspari og Johnson tok imot kvar sin laurdags-kveld; men dei sat for seg sjølve saman med prestar og andre eldre; vi unge laut greia oss åleine. F. W. Bugge fann på eitt år å be studentane til seg; administrator som han var, bad han ein kveld studentane frå 1883, ein annan kveld dei frå 1884 o. s. b. Eksperimentet tok han ikkje upp att.

Petersen og Munch fekk samtala i gang; det var noko å veksa på. Professor Munch er verd å minnast desse åri 1885—-1887. Han var då tolleg frisk, og auste ut or sine rike fond. Han var ikkje før til å gjeva oss kveldsmat; vi fekk te og kavringar, og so fekk vi røykja pipa vår. Det var mangt han fortalde som vi tok imot med takk. Det hende sundagskveldane hans drog ut heilt til kl. 1 um natti! so forvitnelege var dei. Hans fyrelesningar yver Lukas-evangeliet, og hans eksegetiske uppgåver — gav oss ovleg mykje hjelp. Han kom jamvel i våre eksegetiske måndagsmøte, med pipa si, og var student millom studentane.

Hjå Caspari og Johnson var eg uppe privat med spursmål og tvil, som eg vilde ha rettleiding i. Eg kan ikkje minnast at dei sa eit ord som eg ikkje hadde høyrt fyrr. Dei vilde tydeleg ikkje inn på nyare gransk-12

ingar. «Morbus problematicus (problem-sykja) som L. Daae nemnde det, låg ikkje for dei gamle.

Det var serleg Petersen som hjelpte oss der. Dei stundene på hans kontor, der han let studenten sitja i sofaen, og sjølv sette seg på ein stol på andre sida av bordet, dei stundene var u-gløymande.

Vi skyna han vilde alitid gjeva sanningi rett. Han var ikkje redd for å gå laus på dei mest innfløkte tvil. Og so synte han slikt hjartelag, slik tillit og skynsemd,

at vi trygt opna oss heilt for han.

#

Jakob Sverdrup hadde teke kyrkjedepartementet i 1885, og la i veg med sine kyrkjelege reformer. Preste-skapen i Oslo sende protest til Stortinget og til Riksstyret: kyrkja laut få segja si meining fyrst! Då protestskrivet vart gravlagt i Stortinget, heldt Viggo Ullmann gravtala um dei norske prestane som stod på elvebarden og vreid hendene av di tidi rann frå dei. Dei teologiske professorane hadde skrive under protesten, so nær som Petersen og Munch. Dei meinte at reformene hadde sakte vore dryfte lenge nok på kyrkjelege møte.

Sverdrup leid stort nederlag i Stortinget med sitt store reform-framlegg. Det var ikkje radikalt nok: det vilde avgrensa den kyrkjelege røysteretten til dei som i liv og læra viste kristen karakter. Men ved kgl. res. fekk han innført mange reformer.

På det kyrkjelege landsmøtet i Oslo i 1886 gjekk ordskiftet kvast. Gamle Sven Brun, som var ordstyrar, tolde mykje av den høgkyrkjelege kritikk. Men då stiftskapellan Kuliman-Olsen våga setja fingeren på den13

måten prestane møtte Jakob Sverdrup, vart det uro i salen, og ordstyraren braut han av. Sverdrup var sjølv med i ordskiftet, sakleg, tolug, og roleg. Han tala for dauve øyro. Ein kunde godt segja at prestane «stenet ham med de stumme blikke».

Eg var bladstyrar i teol. studentforening, og skreiv ein radikal artikkel um landsmøtet, slutta med dei ordi: ja ja, goe herrer og norske menn! kom igjen om 10 år, så skal de finne at vinden blæs frå ein annan kant. Nett i o år seinare styrde Jakob Sverdrup kyrkjedeparte-mentet andre venda, høgvyrd og godkjend av alle, jamvel av sine verste motstandarar. I millomtidi hadde han vore sokneprest i Krosskyrkja i Bergen. Eg kan nemna eit morosamt døme deri frå: Fyrste året var ein bergensar i lag med Sverdrup; «la meg sitte her, so eg ikkje ser han! eg toler ikkje den mannen!» Året etter heldt han sjølv selskap for Sverdrup, og heldt tale for sin kjære sokneprest!

*

I 1887 tok bylgjene til å toppa seg i strid um professor Petersen. Millom dei dogme han tok upp til saumfaring, var sjølvsagt inspirasjonsdogmet. Når naturvitskapen fekk rett, trass i bibel-ord som peika i onnor leid, var det rimelegt at spursmålet um bibelens inspirasjon måtte dryftast.

I Pontoppidans forklaring hadde vi lært: Den Heilage Ande, «gav dem i sinde hvad og med hvilke ord de skulde tale og skrive». Professor Gisle Johnson hadde i sin ungdom nytta det biletet at «de hellige forfattere var som grifler i den Helligånds hånd». Professor Petersen dulde ikkje at det fanst sjølv-motsegjingar, mis-hugse,14

og andre veiler i bibelen. Samstundes stod Petersen på heilt positiv grunn i tillit til Jesu openberring. Men dei gamle meinte: utan det ortodokse inspirasjonsdogmet ramlar grunnlaget for den lutherske kyrkja! Professor Petersen sagar av den greini som ber heile lutherdomen.

Det vart både snakk og skriving; eit døme vil eg nemna på kor alle menneske var med i striden, sjølvsagt helst utan kjennskap til saki: Ein handverkar spurde ein teolog: Er det sant at professor Petersen nekter at den hellige skrift er inspisert?!

Eit møte i «Kristiania presteforening» 7. februar 1888 gjev eit bilete av stoda. Eg hev det frå P. O. Bodding som var til stades. Presten Storjohan, sjømannsmisjonens varmhjarta far, kom der med eit utfall mot professor Petersen, som han nemnde ei ulukka for den norske kyrkja. C. J. Ecktell, som i dei dagane venta utnemning til pers. kap. hjå res. kap. G. Hansen i Vår Frelsars kyrkja, tok då ordet: «Det har forarget mig i høieste grad å høre en mann slik omtalt, som faktisk beklæder et professorat ved vårt teologiske fakultet; de menn vi har å takke at vi ikke står hjelpeløse overfor den moderne vantro, er professor Petersen og professor Munch.» Fleire av prestane gjekk dagen etter laus på G. Hansen, at han for Guds skuld ikkje måtte ta ein slik mann som Ecktell til kapellan! Oslo presteskap var van med å «supplera seg sjølv», og aldri sleppa inn nokon radikalar. Gamle

Hansen let seg ikkje skræma. Ecktell vart utnemnd.

#

Ei soga som er fortald av truverdige folk og i seg sjølv lydest heilt truverdig, må eg taka med: professor15

F. W. Bugge gjekk den vetteren upp til professor Caspari og heldt fram fåren ved prof. Petersens stoda: han undergrov sjølve grunnen i den lutherske kyrkja ved å riva burt tilliti til bibelens inspirasjon. Burde ikkje fakultetet gripa inn? Caspari svara: «Jeg er glad i Petersen; men for kirkens skyld må noget gjøres! men — jeg vil intet foretage før jeg har talt derom med professor Johnson.» Dermed gjekk dei båe upp til Johnson. Caspari la ut, Bugge ogso, Johnson sat med hand under kinn og sa ingen ting. Til sist ropa Caspari: «Nu! hvad siger du, Johnson?» «Ja hvad skal jeg si?» svara Johnson, «jeg er jo nærmest enig med professor Petersen.» «Du! du?» ropa Caspari forfærd. Dermed gjekk heile aksjonen i vasken. Frå næraste hald veit eg at Storjohan straks etter sa: «Hadde ikke Johnson vært så undfallende, skulde vi nu ha blitt kvitt prof. Petersen.»

At Johnson hadde skift syn på inspirasjons-dogmet, vart klårt og greidt stadfest ved ein artikkel han skreiv i «Morgenbladet» til forsvar for Petersen. Der hadde nyleg dr. Krogh-Tonning og dr. George Kent skrive mot Petersen og nemnt han ein livs-fåre for vår kyrkja. Petersen svara. Og det var fyrste gong i mitt liv eg fekk sjå kristen polemikk, fyrste gong eg skyna: det let seg gjera for ein kristen i ein bladstrid å ikkje synda mot kjærleikens lov. Petersen forsvara seg roleg og sakleg, utan å setja motmennene i nokon gapestokk. Dei som las polemikken, laut kjenna Jesu Kristi ånd i Petersens skrivemåte. Han sanna si tru på bibelordet. Men han kunde ikkje ta på seg dei konsekvensar andre drog av hans teologi, likso lite som Luther kunde ha ansvar for Karlstadt og svermar-åndene.i6

Då kom Johnson. Han peika på at dei lutherske vedkjennings-skrifter ikkje hev forma nokon inspira-sjons-teori: korleis bibelen er Guds ord, stend for so vidt som eit ope spursmål. So stor var Johnsons autoritet, at Krogh-Tonning og Kent tagde seg. (Det var i mine studentdagar Kent tok den filosofiske dokter-grad. Ved disputasen var professor Lochman til stades. Han råka vår prof. Munch: «Vet De hvad urstoffet er?» «Nei.» «Ikke jeg heller

før jeg fikk vite det av Monrad og Kent: de to var enige om at urstoffet er «den absolutte indifferens»; jeg kan ikke si hvor lykkelig jeg er at jeg fikk vite det!»)

#

Det gjekk ei varme-bylgja yver oss studentar i dei åri. Petersen sa til meg då eg siste gong var uppe hjå han: «De har hatt den lykke å studere i en tid da der har vært åndelig liv blandt studentene.»

Varmen hekk i hop med Skrefsruds appell, som straks bar frukt i «Studentenes misjonsforening». Og hertil kom ein engelsk misjonærs varme vitnemål i denne misjonsforening nokre år seinare. Vi kom saman på hyblane til bibeltime og bøn. Og vi heldt møte i studentsamfundet med personlege vitnemål um livet i

Gud. Professor Petersen var sjeli i heile rørsla.

#

I juni 1889 hadde professor Petersen sylvbrudlaup. Ein deputasjon av hans elevar møtte upp. Stovene var fulle av festklædde folk: heile det teologiske fakultet og mange prestar. Det lavde av blomar. Og det var duka eit stort dessertbord.17

Petersen helsa fyrst: «Vi vil takke alle våre venner som er møtt så mannsterke frem idag, enda vi ingen har innbudt. Vi har en hus-venn som heter sygdom; av den grunn har vi ikke vovet å be noen. Blandt de fremmøtte er det særlig tre gamle jeg vil takke: sogneprest Sven Brun og professorene Caspari og Johnson. Det var sogneprest Brun som viet oss for 25 år siden; her i huset går han under navnet onkel Sven. Jeg vil takke ham både for brudevielsen og fordi han i alle disse 25 år har vært en snild onkel. Professor Caspari, min faderlige venn og privat-præseptor, har jeg meget å takke, både fra studenter-tiden og senere. Og ved hans side nevner jeg ham som alltid nevnes sammen med ham, professor Johnson; han går mere i det stille; men han gir ikke mindre, og han drager ikke mindre.» (Då folk skulde sjå seg um etter Johnson, stod han bak alle dei andre burtmed bokhylla!)

Sven Brun heldt fest-tala for sylvbrudparet. So steig vår ordførar fram, skulestyrar Berle: «Herr professor! Når vi Deres elever idag har trengt oss inn i Deres hjem ved en familie-fest, da er det professorens egen skyld: De har innbudt oss til Deres hjem og knyttet oss til Deres familie, så nær at vi idag føler det naturlig å møte frem. Vi har så meget å takke for: søndags-kveldene, stundene på to-mannshånd, for hjelpen De gav oss både her og på universitetet i de mange vanskeligheter som tiden fører med sig. Hvor trygt vi har kjent det å komme til professoren med våre tanker og tvil! Hvor frigjørende det blev for oss å tale ut. Særlig gjennem professorens slagord «fast tro og fri videnskap» fikk vi et grunnlag å bygge på både i vårt personlige kristenliv og vår teologiske tenkning.»

Straks etter tok professor Caspari ordet, senior i fakultetet, på fakultetets vegne. Han burde fenge ordet fyre Berle. Men det var ein Guds lagnad at rekkje-fylgja vart umsnutt.

Soleis tala Caspari: «Kjære Frederik! Jeg erindrer godt den gang du gav mig lov at sige du til dig, mens du dog ikke vilde sige du til mig, så der har været et underligt forhold mellem oss: jeg har sagt du, og du har sagt De. Du var min privat-elev; jeg var din privat-præ-ceptor. Det har i regelen lidet at sige ved vårt universitet: man bruger ikke sin privat-præceptor. Men du! du brugte mig. Du forfulgte mig endog med breve fra udlandet! Du fulgte ikke mine råd. Du benyttede mig kun som et leksikon, medens du vilde gå dine egne veie. Og særlig var det nu denne Søren Kierkegaard som du var så forgabet i, og ham har du endnu ikke ganske fornegtet! Men hvad der gjorde at jeg alligevel måtte holde av dig, var den trofasthed og hengivenhed som du viste mig. Og det gode forhold har fortsatt også efterat du er bleven min kollega. Hvad din virksomhed blandt vår teologiske ungdom angår, henholder jeg mig til det som kandidat Berle derom har sagt: dine elever er de nærmeste til at dømme derom, og deres dom respekterer vi dybt. Og da jeg kom inn i ditt hjem, da jeg så hvordan du der bar de tunge dage som det sømmer sig en kristen, da blev min kjærlighet til dig forenet med dyb beundring. Du ser op til mig som den gamle mand! Jeg ser op til dig som et lysende eksempel for Herrens menighed!» (På slutten vart røysti

hans meste kvisk-rande. Petersen vart raud yver heile skallen.)

Etter Casparis tale skåla alle professorane med Petersen, Bugge ogso! men tenk at Caspari soleis skulde[19]

godkjenna Petersen på vegne av heile fakultetet! Vi stod der glade, so vi snautt visste kva fot vi skulde stå. på.

Professor Johnson tok ordet og takka for «den venlighed at Petersen nevnte mig mellem sine faderlige venner, endskjønt alders-forskjellen ikke er så stor at det strengt taget kan være tale om et sådant forhold». Han skåla for henne som stod sylvbrudparet næraste: «Den kjære Johannas skal.»

So kom Petersen med svar til oss: «Jeg vet ikke om mine herrer har den mening at det er en lett sak å være professor og sitte på den side av det grønne bord. Det er ingen sak å spørre, det er vanskeligere å svare? Men for mig står det slik at jeg er alltid oppe til eksamen. Og hvordan den eksamen skal løbe av, derom har en våken samvittighet talt til mig mange stunder i frykt og beven. Men I, mine kjære venner, I som kan si det kandidat Berle sa, I er mine eksamens-arbeider. Det vil derfor komme an på jer hvordan min eksamen løber av: blir I urolige hoder som avstedkommer forvirring i vår kirke, da må jeg vente en streng dom! Men blir I trofaste tjenere i vår kirke, så kan jeg vente en mild dom.»

Sokneprest Gjør takka Petersen for venskap i 40 år frå skuledagane i Stavanger (fru Bolette Gjør hev fortalt meg at den trufaste Petersen kom til dei ein time kvar einaste veka; både Gjør og frua passa vel på å vera heime den timen).

Endå ein tale heldt Petersen (for fru Petersen): «Min ungdom falt i romantikkens tid. Det var ikke små idealer vi gjorde oss av den kvinne som vi vilde gi vårt hjertes kjærlighet. Men da virkeligheden kom,[20]

da blegnet mine idealer som stjernene for den opgående sol. Derfor en skål for henne som lærte mig det. Dette skal være din skål, Alida. (Petersen hadde tårer

i augo, og røysti hans brast.)

#

Dette sylvbrudlaupet med talene der høyrer til dei beste minne eg hev gøymt på. Eg hev fortalt det so mange gonger at ordi hev prenta seg ordrett i hugen. Biskop Hognestad hadde høyrt meg fortelja det med mange års millomrom, og vitna at ikkje eit einaste ord var brigda. Det var for han eit vitnemål, sa han, um at munnleg tradisjon kan halda seg u-brigda ein heil manns-alder.

*

Professor Petersen freista ribba oss for alt preste-ovmod: når de får kappe og krave på, vil de kan hende tro de er noen svære karer! Og han smilte til oss; vi gløymde det ikkje. Og det kom vel med for oss då vi kom ut i preste-tenesta. Dei norske prestane var komne i gapestokken i litteraturen. Og serleg ungdomen hadde fenge mistru til «preste-læra». Ungdomen kom inn i «system-skiftet» etter kvart. Dei lærde å tenkja sjølve, og vilde ikkje stå under nokon formyndarskap. Dei eldre prestane hadde vondt for å finna seg i umskiftet. Dei pukka på religionen, og meinte seg sjølve. Dei klaga yver at den nye skule-lovi ikkje lenger let presten vera sjølvskriven formann i skulestyret: det var eit steg på veg til å av-kristna skulen, sa dei! Og dei dreiv på med motstand mot dei saker som serleg ungdomen var uppglødd for:[21]

målsak, fråhaldssak, fredssak, folkestyre, nasjonalt sjølvstende.

Dei frilynde ungdoms-lagi vart skipa rundt i heile landet, helst av elevar frå folkehøgskulane.

Dei kristelege ungdomslag, frå fyrst av «ynglingeforeninger» etter tysk mynster (Jugend-Vereine), vart til «ungdomsforeninger». Vi hadde frilyndte folk med i det kristelege ungdoms-arbeid og. Smått um senn gjekk det upp for den frilyndte ungdomen at slike folk var ungdoms-vener heilt ut, med samkjensla i alle ungdomens hugmål.

Men innanfor det kristelege ungdoms-arbeidet var det «rivningar».

I 1897 gav Halfdan Møller ut ei songbok for den kristne norske ungdomen. Han sette på titelbladet nokre vers or «Haugtussa». Formannen i ungdomsforbundet la imot; og dei andre i forbundsstyret heldt med han; sameleis mesteparten av kristenfolket i landet.

Alle som freista koma ungdomen til møtes og stetta ungdomskravet um vidsyn og frisyn, fekk kjenna kritikken frå den kanten.

Kristen-folket i Noreg var upplært til å kløyva livet i tvo: verdslegt og kristelegt. Eg veit ei mor som gav den vaksne dotter si ein øyre-dask for di ho song «Blandt alle lande i øst og vest»: Eg skal læra deg å syngja slike slarve-viser!

Då eg i «Hyttebyen» i Kviteseid fekk i stand eit ungdoms-lokale ope um kveldane for ungdomen, med dam-spel og domino, illustrera blad, song og musikk, sume tider med foredrag eller upplesing, alltid med andakt til slutt, — ja då stod mine eldre kristne vener utanfor og titta inn, og riste på hovudet; min ettermann22

fekk straks den rådi: du bør ikkje halda fram med det ugudelege huset Anker fekk i stand.

På ei ungdoms-stemna, der vi laut ty til kyrkja for uver skuld, heldt eg foredrag um Heilag Olav, og bad lyden syngja verset: På det landet Olav malte korset med sitt blod. Der var tvo prestar til stades; dei riste på hovudet, og tagde; mange andre sameleis. Men ungdomen song med. Og klokkaren sa til meg etterpå: Det er då godt å få litt friskt ver inn i kyrkja.

I 1905 song dei «Ja vi elsker» i mange norske kyrkjer. No stend den songen i Landstads reviderte salmebok, og Nor dråks tone i den godkjende koralboki.

Ein 17. mai fekk vi folkefest i det frie, med taler, song og upplesing (or «Haugtussa» og or «En glad gut»), og so sekkelaup for smågutane, men då kom ein av mine kristne vener burt til meg: Nei Anker, Anker, hot e de du finn på ?

#

Til ei ungdoms-stemna i Skien hadde vi bede Christopher Bruun koma og tala. Det var nok ein raud klut for mange. Ein emissær sa ein gong: Det er ingen som er so hata av det kristelege lækfolket som han Christopher Bruun! Bruun hadde gjeve deim ei ålvorleg påminning med kritikk av deira moral.

Men det var fleire talarar det kristelege lækfolket var misnøgde med på stemna i Skien. Ein av våre beste emissærar skreiv i bladi: Skal dette vera kristelegt ungdoms-arbeid ? Halfdan Møller hadde tala um sundags-saki. Attåt gudstenesta i kyrkja og helgedags-tenesta i heimen nemnde han ungdoms-samkomene sundagskvelden; han hermde Ivar Aasen: Dusundags-23

kveld! du sundagskveld! du er då min kjæraste kveld; når ungdomen samlast or bygdi ned til gaman og song etter gamal sed, til dans og sprang på den grøne vang, då feil ikkje tidi lang. Møller la til: Ja det siste som her er nemnt vert fordømt av mange; men vi lyt skyna og sjå at her ligg ei viktig uppgåva for kristen ungdom.

N. R. Heyerdahl hadde tala på festen i Skiens bedehus um Jesus vår ungdoms ideal. Det fekk stempelen «rasjonalisme».

Prost J. W. Erichsen i Gjerpen sa då til klokkaren sin: Jeg trodde vi skulde være ferdige med slik uforstand fra legfolkets side; men det ser ut til vi må drages med slikt fremdeles! Jeg synes stevnet var udmerket! Det er nettop denne forening av kristelig og folkelig som vi trenger nu! Og så velgjørende

humoristisk som Støylen var!

#

Sjølvsagt såg forbundsstyret ikkje so trongt som det kristelege lækfolket. Men forbundsstyret var ikkje huga på å tona flagg. Det kom tydeleg fram ved generalforsamlingi i Arendal i 1898.

Det var planlagt ei utferd til Hove-skogen på Tromøy. Der skulde Peter Hognestad halda foredrag um målsaki.

Men det såg ut til regnver, og då laut vi gjeva upp utferdi; i staden fekk vi lov å halda eit ålmanna-møte i den romsame Arendals-kyrkja. Men der høvde ikkje Hognestads foredrag! Programmet vart difor um-bytt, so Hognestad heldt foredraget um fyremiddagen i «festiviteten». Um ettermiddagen skulde vi då ha foredrag og ordskifte um «det religiøse stoff24

i våre ungdomslag». Uventa klårna det upp ved mid-dags-tid. Utferdi kom i stand.

Presten Torstein Gunnarson og lærar Thomassen frå Råde heldt foredrag. Dei hadde skift emnet seg imillom, soleis at Gunnarson tok kvantiteten, Thomassen kvaliteten! d. v. s. Gunnarson tala um kor mykje religiøst stoff vi burde ha, og Thomassen um kva slag.

Gunnarson var lærd, bruka ei mengd framand-ord. Ei syster mi kom midt i foredraget og spurde meg: Kva er eit «konglomerat av heterogene størrelser» ? Det er det same som lapskaus, svara eg. Gunnarson peika på at «kvaliteten i regelen er umvendt proporsjonal med kvantiteten». Folk som var møtt fram til «upp-byggelse», skyna lite av det heile. Men «konklusjonen» skyna dei: i våre ungdomslag bør vi ha mest humant belærende stoff, dernæst humant opbyggelig (d. v. s. moro), dernæst religiøst belærende, og minst religiøst opbyggelig stoff; berre soleis vilde dette siste verta fyrste rangs, som det alltid burde vera.

Foredraget hadde gjeve framifrå grunnlag for ordskifte, berre det hadde vore innan fire vegger, millom tenksame ungdoms-arbeidarar. Men her ute — stod folk og måpa: Kva slags kristendom var dette?

So kom Thomassen på talarstolen. Han hermde nokre ord av Thv. Klaveness ved avduking av Wexels-bysta i Oslo: Vi lyt no knyta kristendomen i Noreg att-ende til gruntvigianismen. Thomassen tala godt og varmt og frisynt. Han peika m. a. på at ein ungdoms-leidar måtte «som Odin i Lidskjalv skue vidt og fritt ut i verden». Men foredraget hans var som ei røyst frå ei onnor verd. Stemningi hjå møte-lyden var millom undring og uvilje.25

Hadde no forbundsstyret lempa på det! og freista leidt alt på rett veg! Men i staden nytta dei stemningi til det motsette.

Ja professor Wåge sa på sin elskverdige måte: «Når talere setter sine meninger på spissen, kan mange savne noget; således har vel somme savnet det ordet: Søger først Guds rige!»

Ein annan medlem av forbundsstyret tala med patos: Det er ikke mere oplysning og kunnskap vi trenger, men det er vekkelse! (Jamen ropa dei bravo! bravo! burtetter folkemengdi.)

So kom ein tridje av forbundsstyret med uppslegen bibel, og las upp or Apostelsoga kapitel 6, um vaiet av dei sju diakonane: Det er to ting vi her må merke oss: for det første at apostlene sier vi kan ikke forsømme Guds ord for å opvarte ved bordene! For det annet at også de som skal vareta «det humane» må være menn fylte med den Helligånd!

Til sist kom soldatmisjonær Brandt frå København: «Kære vennei! Der var et ord som gjorde mig saa ondt: at vi maa knytte kristendommen til grundtvigianismen! Det er noget vi har erfaret i vort lille Danmark: de grundtvigianske ungdomsforeninger er gaaet op i drik og dans! Vogt jer, kære venner! Vogt jer! ellers kan vi i stedet for Kristus faa Odin og Thor!» Ei kona kom burt og takka Brandt uppi neven: Å de fæle grundt-vigianene!

Gunnarson fekk ordet til svar: «Jeg er enig i alt som her er sagt: Jeg er enig i at vi skal først søke Guds rike; jeg sa det også, på min måte! Jeg er enig i at vi trenger vekkelse mer enn oplysning og kunnskap; jeg sa det også! o. s. b.26

Men folk var so uppøste, at dei jamen stod og stampa med føtene, og sa halvhøgt: Ti still med deg!

Eg bad um ordet. Nei, sa Wåge, nu vil vi til Hoveskoven. «Berre ein minutt, professor!» Då Gunnarson slutta, sa Wåge: sogneprest Anker har ordet. Nei, ropa folk, no vil vi ha slutt på dette. «Han har lovet han skal klare sig med ett minutt.» Dermed gjekk det ein smil yver forsamlingi. Den eine minutten nytta eg til desse ordi: «Stemningi er slik her no, at hadde det vore i millomalderen, vilde de kveikt eit bål på haugen derburte og brent

Gunnarson og Thomassen som kjet-tarar (Nei! sa Wåge bak meg; det vilde han ikkje vore med på!); men dei er då kristne menner desse tvo, som hev tala etter sitt kristne samvit! Um vi ikkje er samde med dei, må vi då tola å høyra dei! Kom i hug det gamle ordet: Enighet i det vesentlige, fordragelighet i det uvesentlige, kjærlighet i alt!»

Hognestad, som hadde vore manuduktør for Gunnarson, minte han um noko han hadde lagt han på hjarta: Minnest du ikkje eg sa med deg at du må tala slik at folk skynar deg?

Då eg mange år etterpå minte Gunnarson um denne stemna, sa han: Det var i stein-alderen det!

Og so gjekk vi til Hove-skogen, og song: Dei vil alltid klaga og kyta. Wåge song ogso med.

Ein arendalitt sa til meg: Det var godt De kom

med de ordene til slutt, her var blitt så uhyggelig.

*

Ja eg var godt kjend i Arendal, hadde vore kst. kordeikn der i 3 år, den siste kordeikn i landet. Der var eg jamt saman med prost Irgens, ein «erkeprost»27

som Heuch kalla han, ein intelligent og kunnskapsrik og elskverdig mann, men heilt bunden i det gamle system. Eg kom elles godt ut av det både med han og med det konservative lækfolket i Arendal. Dei tilgav meg mine radikale synsmåtar. Prost Irgens var ei tid nemnd som bispe-emne. Men han var altfor negativ; «der er intet nytt under solen,» var hans ordtak; alle nye rørsler dømde han: det var jo likedan da og da; men det viste sig å være en feiltagelse.

Tidt fortalde han meg i vika dei tankane han arbeidde med til sundags-preiki. Eg sa med meg sjølv då eg høyrde preiki um sundagen: Kunde du ikkje sagt det likso friskt som du sa det til meg i vika? No vart det jamt sveipt inn i form-fullenda ordlag, so ingen tok det til seg. Men eg laut alltid ha vyrdnad for han.

I selskapslivet freista han jamt å få salt i samtala. I eit herrelag, der tollinspektør Christensen (Kiellands «kammerherre Delphin» i «Arbeidsfolk») ogso var til stades, fortalde Irgens ei soga frå Bergen um konsul Carl Konow som sa beint ut til krunprins Carl i 1859: «Deres kongelige høihet bør ikke banne! De gir derved det folk De skal regjere et dårlig eksempel.» Carl svara: «Du skal ha takk som sier det bent til mig.» Men Christensen hogg inn: «Det var uforskammet sagt! Og kommer noen til mig med slikt, så kaster jeg ham ut for trappen.» Alle skyna det var eit trugsmål mot Irgens.

På tollbua var ein eldre tollmann den einaste som våga tala fritt med Christensen. «Si mig, tollinspektør, hvad er det mellem Dem og prosten?» «Mellem mig og prosten? Ingen ting!» «Hm, jo, inspektør! Jeg28

har hørt flere si at inspektøren er ikke snild med prosten.» «Nå ja, De vet jo at toldere og fariseere kommer sjelden ut av det med hverandre.» «Hm, den var lei den, inspektør!»

Til meg sa Christensen: «Prosten sparer jo en kapellan ved å ha en teolog til klokker (kor-deikn)». Utan tvil spela dette inn i saki då han fekk drege inn kordeikn-posten. Arendalittane vilde helst ha det som fyrr; men Christensen fekk sin vilje.

#

Frå generalforsamlingi i Arendal gjekk min veg beint til krinsstemna for Telemark-krinsen. Vi lånte forbundsteltet, som rømde fleire tusen; det var som i fri luft. Biskop Heuch skulde preika til høgmessa sundagen. I brev til meg hadde han anka yver målstrevet vårt. Og med same han helsa på meg, ropa han ut: «Ja det var denne målsaken! De gjør så galt med den!» Dette i andletet på heile møtelyden, som sat og venta på gudstenesta. Ein av dei andre prestane sa med meg: «Eg vilde ikkje vore i dine bukser for mykje godt.» «Det gjorde ikkje meg noko,» svara eg. «Nei eg såg du tok det med ro.» Eg smilte åt den uvyrdne biskopen vår som alltid var seg sjølv lik. Etterpå let eg Ragnvald Gjerløw ta seg av biskopen; og um ettermiddagen tok Støylen og Hognestad bispen i skule. På resten vart han so spak at han på heimturen um bord i båten sa til oss: «Jeg er så glad jeg har dere alle sammen her oppe; og jeg skjønner jo godt de har fremtid med dette målstrevet! Men de må være tol-mcdige med

oss gamle!»29

Ja til Hognestad sa han ein gong, då Hognestad greidde ut kvifor han nytta heimemålet: «Var jeg i

Deres sted, vilde jeg gjøre akkurat det samme!»

*

Biskop Heuch var utruleg elastisk. Han kom aldri i eigenleg kontakt med professor Petersen. Han sa tidt til oss: «Det er Petersen som har forført dere.» Men like vel sa han ein gong til meg: «Jeg har aldri sett omvendelsens og gjenfødelsens forvandling tydeligere enn med Frederik Petersen; før han blev et nytt menneske, var han bitende og spottende; men da Gud fikk helt tak i ham, blev han elskverdig.»

Ja eg undrast um ikkje Heuch vilde ha kome til å skyna Petersen, dersom dei tvo hadde vore meir saman ?

I studentdagane våre hadde vi tidt Heuch til fore-dragshaldar i teologisk studentforening. Han var ein festleg mann, som det alltid fylgde liv med.

Eg minnest serleg eit foredrag han heldt for oss: Prestens forhold til budet om ikke å forarge. Han slo fast at bodet i bibelen sikta til dei veike kristne, som ein friare kristen ikkje måtte narra til å gjera mot sitt samvit. «Men det er i regelen ingenlunde de svake kristne som forarges over prestens frihet, men nettop de sterkeste som tror sig til å dømme og herske over andre.» At dei tidt «forarges» over uskyldige ting, gav han f leire døme på. Ein mann kom til Heuch og sa: «Jeg må bekjenne at jeg på et møte talte om Dem uten å nevne Deres navn. Jeg sa det er forferdelig å tenke på at en prest kan stå på prekestolen og tale så hjerte-gripende, og en times tid efter kan han stå med et3°

vinglass i hånden og holde skåltale!» «Ja det var dumt sagt, hadde Heuch svara; bevis mig først at det er synd å drikke et glass vin! Nu, mannen var ikke avholdsmann, så det mente han ikke! Bevis mig så at det er synd å stå med et vinglass i hånden og uttale gode ønsker for et brudepar; det var det jeg hadde gjort! Nei det var dumt sagt. Nu skal De høre hvordan De skal tale om prestene en annen gang. De skal si: Det er forferdelig å tenke på at en prest på prekestolen taler hjertegripende, og samtidig kan hende står og tenker: gad vite om jeg gjør lykke i dag? Det kan De si! Det er det noe i!»

Han fortalde eit døme på korleis ein prest kan hjelpa ein veik kristen: «Det kom en kone til mig; hun hadde stått en kveld og sett på noe fyrverkeri, og frydet sig ved synet; men så kom hun i anfektelse for hun kunde være så verdslig. Nu vilde det ikke nyttet om jeg hadde sagt at det var ikke synd. Jeg spurte: Kunde du ikke tenke noe gudelig da du så fyrverkeriet ? Nei det skjønte hun ikke. Nå skal du høre, sa jeg: Der steg disse raketter og soler op så strålende at de fordunklet stjernene på vår Herres himmel! Men det var bare en liten stund, så sluknet de, mens stjernene lyste like klart! Slik er det med all menneskelig herlighet: Den ser så herlig ut, men varer så kort! Men Guds herlighet varer alltid! Ja, sa kona, hadde hun tenkt slik, vilde det ikke vært synd. Der kan du se, sa jeg, «det var ikke det som var galt, men du som var gal fordi du ikke tenkte slik.»

Ikkje mindre visleg hadde Heuch teke ei yngre kvinna som kom til han «forarga» yver gullringen på fingeren hans: Ho fekk ikkje nokor velsigning av3i

preikene hans for den ringen skuld. «Vil De love De skal gå og høre mig hver søndag, så skal jeg love jeg skal ta ringen av mig.» Det gjekk eit halvt år. Då kom kvinna og sa: «No kan presten godt ha ringen på fingeren; no gjer det meg ingen ting.» Det var det Heuch hadde meint: når ho i lengre tid høyrde preikene hans, vilde ho få anna å tenkja på enn å hengja i slike småting.

Endå Heuch helst var det gamle systems mann, var han i mangt ein nybrotsmann. Heuch var alltid kameratsleg og skynsam å snakka med. Det vi helst hadde imot han, var dei kvasse stykke han skreiv i «Luthersk Ugeskrift». Det var synd på Heuch at dei han var i lag med i Oslo berre moroa seg yver skrivemåten hans og hyllte han for hans kvasse penn. Det var ei stor lukka for Heuch å verta bisp i Agder og koma seg vekk frå miljøet i hovudstaden. Heuch var elastisk, og tok vel imot kritikk. Soleis då student N. R. Heyerdahl tok til motmæle mot han for ordi um «avholdsfolket»: «Vi avholdsfolk mener ikke det er synd å drikke et glass vin; så jeg synes det

var uheldig sagt av foredragsholderen.» Då svara Heuch straks: «Jeg er enig med Heyerdahl i det; det var uheldig sagt av mig».

Då Heuch vart biskop der sør, vart han i mange måtar frigjord frå sine stive høgkyrkjelege meiningar. Han vart so lågkyrkjeleg at han gjekk mykje godt upp i indremisjonen. Ein ekte lækmannsbisp vart han nemnd. «Gud velsigne Dem, biskop! Idag talte De som den beste legmann.» Feiarmeisteren i Kristiansand formann i indremisjonen der, sette ein gong biskopen til veggs; då sa Heuch: «De burde vært biskop, så kunde32

jeg vært feiermester.» Til det kom svaret: «Ja, eg skulde nok greidd å vera bisp; men bispen hadde aldri greidd å vera feiar». Det var system-skifte i dette også: bispe-autoriteten galdt ikkje lenger.

Heuch upplevde jamvel at soknepresten i Skien nekta han kyrkja då Heuch skulde tala på eit indre-misjonsmøte. Heuch og soknepresten var studie-kameratar. «Du kan da ikke ville at jeg skal gå til dissenterne og be om hus ?» «A, det finnes andre lokaler som kan passe til den forsamling du skal presidere i, for eksempel Valhalla!» (Det var eit dansehus!) Heuch kjærde saki inn for departementet, og Wexelsen sa sjølvsagt ja. Dei fekk kyrkja. Men soknepresten stengde koren med eit stort reip tvert yver kordøri! (Dette hev Heuch sjølv fortalt meg.)

Prost Irgens i Arendal gav Heuch ei fin påminning: «Omkring år 400 støttet de spanske biskoper sig til diakonene contra prestene; men de fikk snart erfare at de dermed undergrov sin egen autoritet.» Heuch skyna påminningi, og sa i Stavanger: «Irgens i Arendal advarte mig mot lækfolket.»

På dei fyrste visitas-ferdene var Heuch ein hauk yver prestane. Han nøydde fleire gamle prestar til å søkja avskil. Det er vel kjent kor han kunde snakka um prestane, slik at han sjølv fekk påtale. Han var alltid viljug til å vedgå si synd: «Jeg må passe min munn,» sa han; men han lærde det aldri.

Elles var Heuch i det store og heile ein framifrå biskop. Han sette merke etter seg. Han tok sjølv til å preika og halda foredrag på visitasane; fyrr hadde bispane berre lydt på prestane og lærarane. Heuchs nye praksis vart fylgd av fleire andre bispar, til dess33

det nye visitas-reglement slo fast at biskopen skulde preika. Men snautt nokon hev nått den høgd som Heuch. Det var ein fest å høyra han. Serleg med dei kyrkjelege foredrag um brennande spursmål — kunde han halda kyrkjelyden vaken i 3 timar; vi kunde godt ha høyrt på han i 3 timar til.

Vi mintest ogso mykje av det han sa. Soleis som han slo dørene upp på vid vegg med det fulle frie evangelium, frigjorde han frå mange stengsler. Han kom som eit friskt ver, med varmt hjartelag og sunn tankegang.

At han ikkje kunde med mange «saker» som ovra seg i vår tid, er sant: Fråhaldssaki og kvinnesaki var for Heuch som den bakvende visa.

Men der det galdt ungdoms-arbeidet, var han frilyndt og frisynt. Då ein lækmann på eit visitasmøte klaga yver at dei kristelege ungdomslagi «blanda godt og vondt saman» (verdslege songar og foredrag skiftande med andakt og salmevers), — ja då svara Heuch: «Si mig, gode mannen min; når du slakter en gris, har du da saltet i den ene tønna og flesket i den andre ?»

På ei ungdoms-stemna i Telemark skulde Asbjørn Knutsen havt foredrag um elsk og giftarmål. I staden for han kom Heuch på talarstolen: «Jeg skjønner godt det er en skuffelse for ungdommen at jeg skal tale i steden for Asbj. Knutsen; det er så naturlig at de heller vil høre om elsk og giftermål enn om Guds rike og verden, som jeg vil tale om.» Men eg skal segja Heuch fekk ungdomen med seg! so frisk og ungdomeleg som han greidde ut emnet.

Sjølv fortalde han ein annan gong at han til preste-eksamen hadde bruk for det emnet. Uppgåva lydde: Om budet ikke at skikke sig lige med verden. «Jeg

3 — Anker: Ungdomsminne.34

skrev og skrev, det var ikke meget, men jeg fant ikke mer; jeg renskrev og leverte inn, tok på mig frakken og gikk mot inngangsdøren, tenkte hele tiden: er det noe du har glemt ? Jeg hadde alt lagt hånden på dør-vrieren, da

slo det mig: Du har jo ikke skrevet ett ord om alle de tilfelle da det kan se ut som om en kristen skikker sig like med verden og dog ikke gjør det! Jeg gikk tilbake, fikk mitt arbeide igjen, skrev det om igjen. Det var det som reddet mit laud.»

«Stiftsprost P. A. Jensen tenkte på å få mig til kapellan; men da han fikk høre mig preke, vilde han ikke ha mig!» I staden vart han kapellan hjå Jørgen Moe i Drammen, og fylgde med han til Vestre Aker, og dermed vart Heuch hovudstads-prest like vel. Han var realistisk i si forkynning, djerv og beint fram; det var noko nytt. Og han samla snart fullt hus.

#

Han kom på Stortinget i 1890 og 1891, då Emil Stang var minister-sjef. Fyrr hadde Heuch havt «en brennende attrå» etter å koma på Stortinget. Men han vart snart leid av det heile. Minnet hans levde like vel lenge der og. Han vart innvald i kyrkjenemndi; der satt Ullmann og Oftedahl, og Wexelsen som var formann. Heuch sa til Wexelsen: «Skal jeg virkelig sitte i kirke-komitéen sammen med slike fæle folk som Dem og Ullmann ?» «Vi er ikke så fæle,» svarte Wexelsen, «vi har det hyggelig i kirkekomiteen.» «Kan jeg få røke der da?» «Ja da.» Og då Heuch hadde «teke sæte» i kyrkjenemndi og kveikt pipa si, sa han: «Her er virkelig hyggelig.»

Ei sak som var uppe i Stortinget det året galdt35

tilgjenge for kvinner til å ta embets-eksamen. I 8 år hadde dei havt høve til å ta artium. Heuch la imot, med ord frå Paulus og Peter. Både Wexelsen og Ullmann svara at i sosiale spursmål var apostlane bundne av dei trongare kår i si tid. Heuch kom att med sterke ord um at han kjende seg bunden av alle apostoliske ord. Han budde i eit pensjonat (var alt f lutt til Kristiansand). Fru Heuch, som hadde høyrt på ordskiftet i Stortinget, sa ved middagsbordet: «Det var rystende å høre på Wexelsen og Ullmann; de må få et stort ansvar hinsides!» «A mor, sa bispen, de er ikke så fæle hinsides du!» (Dette hev eg frå Wexelsen sjølv.)

I ei onnor sak var Heuch den frilyndte friske fram-stegs-mannen: Det galdt studnad til Rolfsens lesebok, som fekk skarp kritikk, millom andre av skulemannen Niels Hertzberg. Då Heuch hadde rost leseboki med hjartelege lovord, sa Hertzberg: «Jeg beklager meget at min ærede med-representant på Kristiania-benken, han hvis veltalenhed er en pryd for hvilken som helst

prekestol, at han har så slett en smak.»

*

Heuch var alt den gong på vakt mot «den nye rasjonalisme», serleg mot kravet um etisk forkynning: «Det er jo den gamle rasjonalisme om igjen, bare at de nu bruker det greske ordet etikk istedenfor det latinske ordet moral.»

I eit prestemøte i Arendal heldt biskop Heuch foredrag um «den dogmatiske preken», som han var sterkt imot. Prost Irgens, som tidt heldt dogmatiske preiker, kjende seg råka. Men hendig som han alltid var i ordskifte, fekk han snutt offensiven mot den36

«etiske preken». Og der var biskopen og prestane einige. Sokneprest Gunnarson frå Grømstad fortalde at Birger Hall hadde skrive til han um å få «en etisk preken» yver ein episteltekst til ei preikesamling, og at han hadde svara: «Jeg er ingen hedning!»

Då Heuch var utnemnd til bisp, kom hans gamle ven og medarbeidar Færden inn frå Norderhov og sa at han tenktest søkja Uranienborg soknekall. Færden hadde ei tunn og keidsam røyst, var elles ein gåverik teolog som i dei seinare åri hadde teke til å fylgja med i den moderne teologi; det lika ikkje Heuch; men han sa berre til han: «I mange henseender kunde det passe å få dig til min ettermann! men det er dette organet ditt!» «Snakker du om organ?» sa Færden. Det var berre den store skilnaden at Heuchs hole røyst aldri vart keidsam.

#

Det var smått stell med det teologiske fakultet nokre år utetter frå 1893. Caspari døydde, Johnson døydde, Bang vart kyrkjeminister, Bugge vart biskop, og Munch var heilt arbeids-ufør. Det var berre Petersen som stod att, og

so universitetsstipendiat Odland. Fakultetet måtte låna lærarar: Professor Blix og Gustav Jensen og fleire andre. Det gjekk politikk i professor-postane: Stortinget og Riksstyret Emil Stang levde i krigs-tilstand; og serleg kom kyrkjeminister Bang på det svarte brett. Stortinget drog inn det eine professorat etter det andre, både Bangs, og Casparis, og Johnsons. Dei vilde draga inn Bugges ogso. Men då gjorde Bang eit «stats-kup»; dagen fyrr den saki skulde upp i Stortinget, fekk han utnemnt Odland til professor, utan konkurranse, utan at embetet var utlyst ein gong!37

Casparis ettermann, Simon Michelet, var ogso komen på det svarte brett, på grunn av ei gysja han hadde høyrt i Tyskland og fortalt i privatbrev til sin far: Venstrepartiet i Noreg fekk studnad frå Russland, som gjerne vilde sprengja unionen millom Sverike og Noreg. Dessverre fekk ein bladstyrar i Trondheim tak i det, og laga politisk sensasjon av det. Michelet laut gjera preste-tenesta nokre år. Men so skreiv barndomsvenen Johannes Johnson eit brev til Bjørnstjerne Bjørnson, tok han ved hjarteroti, fortalde saman-hengen: i denne saki var Michelet personleg uskyldig å rekna; han bad Bjørnson hjelpa til å få Stortinget på andre tankar. Bjørnson skreiv då i (Dagbladet»: «Nå kan det være nok!» Og sanneleg: i 1897 skipa Stortinget på nytt 3 professor-postar; Michelet, Lyder Brun og Brandrud vart då utnemnde. Det var dette som Heuch kalla «det av Bjørnson rekonstruerte teologiske fakultet». Yngste son hans var teologisk student i desse åri. Gjenom han fekk Heuch greida på dei nye lærdomane som dei nye professorane kom med.

Han vart meir og meir ottefull for «den nye rasjonalisme». Fleire heilt ortodokse prestar riste på hovudet. Ragnvald Gjerløw sa til Heuch: «Biskopen ser spøkelser ved høilys dag» (Heuch hadde som ei liti mistru til Gjerløw). Då sokneprest Krohn på eit prestemøte hadde halde foredrag um «Jesus som menneske», sa Heuch i ein uppøst tone: «Visste jeg at jeg vilde få en eftermann som kunde møte den nye rasjonalisme, tok jeg min avskjed idag!» Jamvel Irgens i Arendal sa: «Jeg har bedt biskopen være forsiktig; men det hjelper ingen ting».

I 1902 skreiv Heuch til Wexelsen: «Jeg vil innstendig38

be statsråden utnevne seminarstyrer Støylen til styrer av det praktisk-teologiske seminar. Visstnok er han en vederstyggelig målmann; men det nedsetter ham jo ikke i herr statsrådens øine. Han er så frisinnet som nogen grundtvigianer, så from som nogen pietist, og så ortodoks at han kan gi de unge kandidater en ordentlig overspyling når de kommer ut fra det teologiske fakultet, hvor professor Odland sitter som den eneste rettferdige i Ritschlianismens Sodoma.» Det var fest i departementet når Heuchs embets-skriv kom: Alle stima saman frå dei støvfyllte kontori for å få ei uppfrisking.

Same året gav Heuch ut «Mod strømmen». Det viste seg seinare at Heuch hadde meir rett enn det såg ut med same. Men han var urettferdig mot mange. Ei preik av Ole C. Iversen stempla han som rasjonal-lisme, o. s. b. Verst var det at han på slutten av boki hermde ein artikel av Ragnvald Gjessing, og rengde Gjessings ord «rasjonell» til eins-tydande med «rasjonalistisk». Ein av Heuchs gode ortodokse vener sa: «Det var for galleriet det!» Gjessing hev fortalt meg at han kom på visitt til Heuch etterpå. «Jeg var slem med Dem,» ropa Heuch med same han såg han, «men De skal få min beste anbefaling! Søk Dem over i et annet stift! Søk Dem over til Bang: han er like glad med hvad hans prester lærer!» «Nei,» svara Gjessing, «jeg behøver ikke søke mig vekk; jeg bærer intet nag til biskopen.» «Det var kristelig sagt av Dem det!» Men Gjessing kom til sist til Oslo, vart fyrste sokneprest i Wexels' kyrkjelyd!

Med Gjessings formann i Høgsfjord, sokneprest Gregusson, hadde Heuch strid på grunn av Klaveness'39

forklåring, som Gregusson vilde ha innført, men som rygerne ikkje vilde ha. På eit krinsmøte skreiv heile skulekrinsen under på ei sovori fråsegn: at vi ikke vil at våre børn skal gå til helvede efter Klaveness! Heuch var og imot Klaveness, og heldt med rygerne. Då klaga sokneprest Gregusson til kyrkjedepartementet: «Biskop Heuch allierer sig med de sletteste elementer i min menighet.» (Wexelsen smilte, og flutte Gregusson til Sparbu, der han vart ein kjærleikens apostel.)

Det gjekk med Wexelsen som med Jakob Sverdrup: andre venda han vart kyrkjeministar, kom han på god fot med prestane og bispane, ikkje minst med biskop Heuch.

I det store og heile hadde vi unge lett for å koma ut av det med biskop Heuch. Um han ikkje godkjende professor Petersen, so godkjende han Petersens elevar, berre han høyrde dei forkynte Kristus.

Med J. J. Jansen vart han ogso god ven. Jansen var professor Petersens åndsfrende heilt ut. Det var tale um i 1888 å få Jansen til styrar av det prakt.-teol. seminar; men dei vilde ha han til å arbeida mot Petersen; og det vilde ikkje Jansen. Heuch og Jansen skifte hogg i avisene. Jansen var sakleg og elskverdig i sin skrivemåte. Heuch skreiv: «Jeg kjenner mig som en neger i solskin, når jeg behandles av sogneprest Jansen.» Til det svara Jansen: «Jeg vil gjeme sprede meget solskin over den kjære neger.»

Det er kjent at Heuch og Jansen møttest på ein helseheim; det var visst året fyrr Heuch døydde. I samtala deira gjekk det so underlegt til, at Jansen sa: «Biskopen har rett!» «Nei,» svara Heuch, «De har rett.»*Det* var «systemskifte» som kunde muna. «Vi møtes i himmelen,» skreiv Jansen, «men hvorfor kan vi ikke møtes på jorden også?»

*

På den fyrste norske «preste-konferans» i 1894, der ei mengd prestar møtte, hadde eg vona og venta at dei hadde sagt eit *angrande ord* um det *motstand* prestane her i landet i manns-aldrar hadde drive mot alle framsteg. Offentlege synder krev offentlegt skrifte. Det er heilt i professor Petersens ånd at vi prestar vågar sannkjenna det vi har synda.

Eg kjem i hug ei herma etter Bjørnson: Han og Jonas Lie køyrde yver eit islagt vatn, der det nett hadde falle nysnø; Jonas Lie var vinglen i taumen; då sa Bjørnson: «Du skal kjøre beint, Jonas! Kom i hu at der vi kjører *foran,* kjører hele Norges folk etter!»

Ja det er ålvorlegt for oss prestar å koma *det* i hug. Eg hev sjølv mange prestesynder på mitt samvit, hev vore vinglen i taumen ender og gong, og hev mykje å trega på. Tykkjer dei som kjenner meg at eg hev vore «et uroligt hode og avstedkommet forvirring», so skal ikkje professor Petersen ha skuldi for *det.* I det store og heile meiner eg mange mange av hans elevar hev vore trufaste tenarar i den norske kyrkja. Og dei hev maktast setja seg inn i vanskane som vår tid stridest med; det er Petersen å takka.